

Bygger nytt fjøs til 34 kyr

Tidene tørkesommar og signal om renteauke til hausten har ikkje tatt motet frå Lars Henry Dagsland. Den unge bonden er i ferd med å setja planane om å bygga nytt fjøs ut i livet.

BVSjur Håland

Ei eventuell renteauke til hausten er teken høgd for i driftsplanen med god margin, og blir ikkje avgjerande for om bygningen blir reist eller ikkje.

– Det meste talar for at det blir bygging. Arealressursane er gode, samstundes er båsfjøsset med plass til 24 kyr i minste laget og i ferd med å bli utdatert, seier Dagsland.

Saman med Karianne Dagsland, som har sitt arbeid utanom bruket, driv han med mjølkeproduksjon og litt sau på garden Liatre i Skjold i Vindafjord. Hovuddelen av det eksisterande fjøsset på garden er frå 1980, medan ein del av bygningen er frå 1950-talet. Det er på tide med ei fornying.

Akseptabelt gjeldsnivå

31-åringen har brukt dei siste tre, fire åra til å vurdere ulike løysingar. Nå blir det truleg eit lausdriftsfjøs med mjølkero-bot og plass til 34 kyr. I kalvingsperioden vil det vera press på plass, og planen er då å nytta ledig rom i velferdsavdelinga. Dagsland utnyttar beiteressursane på garden og legg opp til eit framleis løp med konsentrert haustkalving. Det nye fjøsset på 500 kvadratmeter blir bygd saman med den eldre driftsbygningen som skal nyttast til ungdom og serviceareal. Driftsplanen legg opp til ei investering på seks millionar kroner.

– Eg vil ikkje låna pengar til over pipa. No vil eg etter investeringa enda opp med ei gjeld på seks til sju millionar kroner, noko det skal gå an å leva greitt med.

Andreas Lundegård frå Tveit Regnskap, som har utarbeidd driftsplanen, er samd.

– Eg trur dei som skal vera med og finansiera vil gi tommel opp for dette prosjektet. Ut frå føringane om at mindre mjølkebruk skal prioriterast, har me lagt til grunn maks utleiing frå Innovasjon Norge, forklarar han.

Treng innovasjon-støtte

I tillegg til lånesøknad i den lokale sparebanken, har Dagsland søkt Innovasjon Norge om finansieringsstøtte på



to millionar kroner. Eit positivt svar frå sistnemnde vil vera avgjerande for realisering av byggeplanane. Svar ventast i september.

Mjølkeknoten, som i dag er 181.000 liter, skal aukast til 270.000 liter. Turvande leigeavtalar er på plass. Å leiga blir vurdert som gunstigare enn å kjøpa mjølkekvote. Eigd og leigd jord ligg samla, han har kort veg frå tunet til det grøne matføtet. Til saman disponerer bonden 210 dekar dyrka jord. Behovet for innhausta grovfôr er 130.000 FEM per år. I eit normalår gir arealet 140-150.000 FEM. Her er med andre ord litt å gå på. Fram til no har overskotet av grovfôr blitt selt.

Usikre faktorar

Lars Henry Dagsland håpar det kan bli bygging alt til vinteren. Han brettar opp skjorteermene og er viljug til å satsa på ei

framtid som mjølkeproduzent i ein marknad der det er mange usikre faktorar.

Reduserte avlingar som følgje av tørkesommaren er eitt døme. Med ei totalgjeld på 6,6 millionar kroner etter investeringa, vil eit kraftfôrpris hopp på 50 øre utgjere 71.000 kroner. Ei endring i mjølkeprisen på 50 øre vil utgjera 138.000 kroner. Ei renteendring på eitt prosentpoeng betyr 66.000 kroner på eitt år. I finansieringsoppsettet er det lagt til grunn 20 års avdragstid med annuitetslån og eit rentenivå på seks prosent. Det betyr at det er ein buffer på tre prosent. Andreas Lundegård har tru på bonden.

– Om enkelte faktorar er usikre, er det i stor grad produksjonsresultatet som avgjer om ein lukkast eller ikkje. Lars Henry er ein nøktern og dyktig bonde som har synt kva han duger til frå han tok over bruket i 2012, så dette går bra.

Klar for bygging: Rådgjevar Andreas

Lundegård t.v. og bonde Lars Henry Dagsland diskuterer dei siste detaljane i byggeplanane. Positiv respons frå Innovasjon Norge er avgjerande for at 34-kyrs fjøsset kan realiserast. Bygningen skal etter planen reisas på tomta bak grinda og kopløst saman med det eksisterande båsfjøsset.

Tid til familien

Tobarnsforen gler seg saman med familien til å kunna ta eit lettstelt fjøs med mjølkerobot i bruk.

– Eg vil få ei meir fleksibel arbeidstid enn i dag. Det er særleg viktig i høve å kunna følgja opp barna. Mykje av fritids-tilboda skjer på kvardagane mellom kl. 17-19. Med nytt fjøs og ny teknologi slepp eg å vera låst til fjøsset i dette tidsrommet.